



## Saksprotokoll

**Organ:** Hovudutval for samferdsle

**Møtedato:** 15.03.2016

**Sak nr.:** 16/1934-4

**Internt l.nr.** 9682/16

**Sak:** 10/16

**Tittel:** Søknad om forskottering av midlar til fullføring av reguleringsplan for fv. 60 Tomasgard - Røyarhus bru i Hornindal kommune

### Behandling:

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding, hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding, fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Søknaden om forskottering vert ikkje imøtekommen, då søknaden er ikkje i samsvar med fylkestinget sine retningslinjer for forskottering.

### Endringsframlegg:

**Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre og Venstre sette fram slikt framlegg til tilråding:**

- 1 Hornindal kommune får løyve til å forskottere 2 mill. kr til å fullføring av reguleringsplan for strekninga Tomasgard – Røyarhus bru på fv. 60.
- 2 Refusjon av forskotteringsmidlane skjer ved oppstart av første delprosjekt på strekninga med inntil 2 mill. kr i høve til faktisk forbruk ekskl. mva. og utan kompensasjon for prisstigning og renter på eventuelle lån.
3. Dersom prosjektet ikkje er starta opp innan 2026, vil forskotteringa ikkje bli tilbakebetalt.
- 4 Kostnadene med refusjon på inntil 2 mill. kr skal dekkjast innanfor ramma til fylkesveg.
- 5 Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå forskotteringsavtale med kommunane.

### Avrøysting:

Framlegget frå fylkesrådmannen fekk ei røyst, Stein Malkenes MDG og fall

Framlegget frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre og Venstre fekk 8 røyster og vart vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding, Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Hornindal kommune får løyve til å forskottere 2 mill. kr til å fullføring av reguleringsplan for strekninga Tomasgard – Røyarhus bru på fv. 60.

- 2 Refusjon av forskotteringsmidlane skjer ved oppstart av første delprosjekt på strekninga med inntil 2 mill. kr i høve til faktisk forbruk ekskl. mva. og utan kompensasjon for prisstigning og renter på eventuelle lån.
3. Dersom prosjektet ikkje er starta opp innan 2026, vil forskotteringa ikkje bli tilbakebetalt.
- 4 Kostnadene med refusjon på inntil 2 mill. kr skal dekkjast innanfor ramma til fylkesveg.
- 5 Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå forskotteringsavtale med kommunane.